



Utvalg: Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad: Formannskapssalen, Stord rådhus
Dato: 10.04.2019
Tidspunkt: 14:00 – 17:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Peggy Husevik Bærøy	Nestleiar	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Anna Herborg Førland	Medlem	AP
Tarjei Haga	Medlem	AP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Signe Ekeland	Tarjei Haga	SV

Merknader

Avbod i god tid frå Tarjei Haga og Anna Herborg Førland, men det var berre ein vara – Signe Ekeland – som hadde høve til å møta i deira plass.
Odd Ståle Larsen møtte ikkje opp. Såleis var det ikkje råd å skaffa vara for han.

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Willy Hauge	Partner i KPMG (Sak PS 14 - 19/19)
Magnus Heggen	Forvaltningsrevisor, KPMG (Heile møtet)
Magnus Mjør	Rådmann (Sak PS 15/19)
Hege Etterlid	Økonomisjef (Sak PS 15/19)
Wigdis Sagvåg	Skatteoppkrevjar (Sak PS 12 - 14/19)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskom., sekret. for kontr.utv

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 12/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 13/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 14/19	Skatteoppkrevjaren informerer om skatteoppkrevjing i Stord kommune		2016/55
PS 15/19	Rådmannen orienterer om budsjettbrev 2019 frå fylkesmannen		2015/178
PS 16/19	Handlingsplan - forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging		2017/108
PS 17/19	Tilsynsrapport frå rehabiliteringssenteret i oktober 2018		2014/298
PS 18/19	Forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenestene - ny status i arbeidet		2018/77
PS 19/19	Bestilling		2015/180
PS 20/19	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 21/19	Referatsaker		
RS 13/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon april 2019		2019/13
RS 14/19	Innkalling til FKTs årsmøte 4. juni 2019 i Kristiansand		2019/13
RS 15/19	Innkalling til representantskapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland		2015/197
RS 16/19	Fylkesmannen 05.03.19 om endring av reguleringsplan Nordhuglo II		2016/91
PS 22/19	Eventuelt		

PS 12/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.04.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

PS 13/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.04.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 25.02.19.

Vedtak:

Protokoll frå møte 25.02.19. vart godkjent.

PS 14/19 Skatteoppkrevjaren informerer om skatteoppkrevjing i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.04.2019

Handsaming i møtet:

Skatteoppkrevjar Wigdis Sagvåg orienterte om

- Arbeidsgjevarkontrollen
- Auke i uteståande krav
- Selskapsskatten

Kontrollutvalet stilte spørsmål som vart svara på.

Skatteoppkrevjaren nemnte og at ho og Skatteetaten meiner det burde vore auke frå 1 til 1 ½ stilling ved kontoret øyremarka arbeidsgjevarkontrollar.

Kontoret har gode resultat ift. målkrav. Det var td. 69% avdekking (funn) på arbeidsgjevarkontrollar, medan målkravet for 2018 var på 50%.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 15/19 Rådmannen orienterer om budsjettbrev 2019 frå fylkesmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.04.2019

Handsaming i møtet:

Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte om vurderingar relatert til innhaldet i fylkesmannen sitt budsjettbrev 2019 til Stord kommune, og utvalet stilte spørsmål. Rådmannen var m.a. innom dette:

- Det er politikarane sitt vedtekne budsjett som fylkesmannen har kommentert, medan rådmannen har hatt ein tilretteleggarrolle ift. budsjettet.
- Frie inntekter er budsjettert ut frå kjent grunnlag ved budsjettering hausten 2018, medan fylkesmannen hadde folketalsframskriving pr. årsskiftet 2018/19 tilgjengeleg då embetet skreiv budsjettbrevet.

I drøftinga saman med kontrollutvalet var ein og innom:

- Høg lånegjeld.
- Lågt disposisjonsfond.
- Fenomenet arbeidslivskriminalitet, som gjev mindre skatteinntekter til det offentlege.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 16/19 Handlingsplan - forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging.
2. Utvalet merkar seg at endeleg rapport vil bli motteken så snart prosjekthandboka er ferdig revidert, og ber om ny status innan 21.08.19. dersom endeleg rapport ikkje er klar før.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.04.2019

Handsaming i møtet:

Sekretariatet orienterte om at det er motteke eit nytt skriv frå Stord kommune, etter utsending av saksframlegg til møtet:

- Det galdt rådmannen si oppfølging av ein annan forvaltningsrevisjon – om prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt. Vedlagt låg prosjekthandbok for Stord kommune.
- Det er indikasjonar på, og bør sjekkast ut, om prosjekthandboka og gjeld oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen.

Etter sams drøfting kom det på den bakgrunn forslag om å utsetta saka.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Saka vert utsett.

PS 17/19 Tilsynsrapport frå rehabiliteringssenteret i oktober 2018

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar redigert tilsynsrapport, etter tilsyn med rehabiliteringssenteret 16.10.18., til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.04.2019

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar redigert tilsynsrapport, etter tilsyn med rehabiliteringssenteret 16.10.18., til orientering.

PS 18/19 Forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenestene - ny status i arbeidet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.04.2019

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor Magnus Heggen orienterte om at prosjektet er i rute.

Kontrollutvalet ønskjer at forvaltningsrevisjonsrapporten kjem opp til handsaming i kommunestyret sitt møte 20. juni d.å., og at nokon frå KPMG er tilstades for å presentera rapporten der.

Utvalet hadde og nokre refleksjonar, som Heggen fortalde at alt er teke omsyn til / teke inn i rapporten som no er til høyring.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 19/19 Bestilling

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer å gjennomføra eigarskapskontroll i Stord kommune.
2. KPMG vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.

3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet innan 25.04.2019.
4. Prosjektplan vert lagt fram som politisk sak i kontrollutvalet sitt møte 14.05.2019.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.04.2019

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet drøfta seg fram til at ein denne gongen ville gjennomføra selskapskontroll av Podlen verkstad AS.

I påfølgjande drøfting var ein ma. innom desse momenta:

- Lovar og reglar
- Internkontrollsystem
- HMS pålegg?
- GDPR
- Offentleglova
- Post / arkivsystem

Det vart og skua til problemstillingar som var nytta ved ein selskapskontroll av arbeidsmarknadsverksemd i Kvam herad.

Magnus Heggen frå KPMG noterte utførleg.

Kontrollutvalet sitt ønskje om selskapskontroll av Podlen verkstad AS i pkt. 1 og forslag til vedtak i pkt. 2 – 4, vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer å gjennomføra selskapskontroll av Podlen verkstad AS.
2. KPMG vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet innan 25.04.2019.
4. Prosjektplan vert lagt fram som politisk sak i kontrollutvalet sitt møte 14.05.2019.

PS 20/19 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.04.2019

Handsaming i møtet:

Kommunestyret godkjente kontrollutvalet si årsmelding i møte 04.04.19.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 21/19 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.04.2019

Handsaming i møtet:

RS 13/19 FKT – Medlemsinformasjon april 2019.

- Teken til orientering

RS 14/19 FKT sitt årsmøte 04.06.19.

- Det ser ikkje ut til at nokon frå kontrollutvalet har høve til å delta på FKT sin fagkonferanse med årsmøte i juni d.å.

RS 15/19 Representantskapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

- Sekretariatet orienterte om at protokoll frå representantskapsmøtet no også er motteke.

RS 16/19 Fylkesmannen om endring av reguleringsplan Nordhuglo II.

- Kontrollutvalet merkar seg Fylkesmannen i Vestland sitt skriv av 05.03.19., og ser det ikkje som føremålstenleg å gå vidare med saka.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

RS 16/19 Fylkesmannen om endring av reguleringsplan Nordhuglo II.

- Kontrollutvalet merkar seg Fylkesmannen i Vestland sitt skriv av 05.03.19., og ser det ikkje som føremålstenleg å gå vidare med saka.

Øvrige referatsaker vart tekne til orientering.

PS 22/19 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 10.04.2019

Handsaming i møtet:

A Kurs i regi av KPMG.

- Grunna fylkesmannen sin beredskapsøving med Stord kommune 14.05.19, høver det ikkje for kommunen å ha kurs i regi av KPMG den dagen.
- Kurs om Internkontroll, etter forslag frå kontrollutvalet, vert halde i tilknytning til KUV sitt møte 11.09.19.
- Kurs om rekneskap i kommunar, etter forslag frå kommuneadm., vert halde i tilknytning til KUV sitt møte 27.11.19.

B Etikk

- Ordfører og rådmann orienterte om status for etikkarbeidet i Stord kommune i KUV-møte 01.03.18
- Det vart bl.a. vedteke at «Det er ønskjeleg med ny orientering om etikkarbeidet i løpet av 2019». Altså vart det ikkje sagt kva for eit møte det skulle vera i.
- Då det bl.a. er val av kontrollutval og ordfører til hausten, er det stemming for å venta til første halvår 2020 med orienteringa.

C Kurs om ny kommunelov.

- KMD og KS har halde kurs omkring i landet om den nye kommunelova.
- Stord kommune og kontrollsjefen var representert på kurs i Bergen 21.03.19.
- Tilsvarande kurs i Oslo 03.04.19. vart streama, og du kan sjå det på denne linken:
- «Alt du treng å vita om ny kommunelov» (omlag 6 timar): <https://www.youtube.com/watch?v=B2zJbyXqzqs>
- Parallele sesjonar: Eigenkontroll og statleg styring, samt økonomibestemmelsane (omlag 4 timar): <https://www.youtube.com/watch?v=fwMkIRGP37E>

D Kontaktopplysningar for kontrollutvalet på kommunen si heimeside.

- På kommunen si heimeside er det kontaktopplysningar for alle medlemmar i dei tre hovudutvala.
- For kontrollutvalet har det vore kontaktopplysningar til utvalsleiar og sekretariat.
- Kommunal rapport har engasjert seg bl.a. i at innbyggjarane bør kunna nå kven dei vil i utvalet.
- No er det og lagt inn kontaktopplysningar om utvalsmedlemene.

E Henvending.

- Kontrollutvalet er kopimottakar for skriv av 24.01.19. frå Morten Antoniussen.
- Kontrollutvalsmedlemene melder frå til sekretariatet, dersom dei ønskjer politisk sak i neste utvalsmøte basert på henvendinga.

F Reglement for godtgjersle til folkevalde i Stord kommune.

- På spørsmål frå sekretariatet, bad utvalet om å få ei politisk sak til neste kontrollutvalsmøte, der utvalet kan gje uttale om godtgjersle for arbeid i kontrollutvalet i neste valperiode.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

B Etikk

- Kontrollutvalet meiner neste status om etikkarbeidet i Stord kommune, frå ordfører og rådmann, bør koma i første halvår 2020.

E Henvending.

- Kontrollutvalsmedlemene melder frå til sekretariatet, dersom dei ønskjer politisk sak i neste utvalsmøte, basert på henvending av 24.01.19. frå Morten Antoniussen.

F Reglement for godtgjersle til folkevalde i Stord kommune.

- Kontrollutvalet ber om å få ei politisk sak til neste kontrollutvalsmøte, der utvalet kan gje uttale om godtgjersle for arbeid i kontrollutvalet i neste valperiode.

Øvrige saker under eventuelt vart tekne til orientering.